

KONTROLLUTVALET I KLEPP KOMMUNE

PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Klepp	Møtenr.: 3-2016	Møtedato: 09.06.2016	Utvalssaksnr.: 17/16 - 24/16
Disse møtte: Oddbjørg Starrfelt Asbjørn Aanestad Ingrid Reve Jan Egil Øksnevad Fridtjov Helland, varamedlem	Forfall / varamedlemmer: Stig Penne hadde meldt forfall. Varamedlem Fridtjov Helland møtte.		
Andre til stades: Rektor Roar Johannessen, Bore Ungdomsskole Klepp kommune Rådmann Ivar Undheim, Klepp kommune Økonomisjef Stein Kittelsen, Klepp kommune Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgsekretariat			

			Side
Saker til behandling			
17/16	16/00150-6	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	2
18/16	16/00298-10	Orientering frå administrasjonen - skuleleiinga på Bore ungdomsskule	2
19/16	16/00298-9	Orientering frå administrasjonen - kommunalsjef skule og barnehage	3
20/16	16/00344-1	Orientering om Klepp kommunes regnskap for 1. tertial 2016	3
21/16	16/00120-7	Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll - presentasjon av overordna analyse	4
22/16	16/00320-2	Bestilling av selskapskontroll i IVAR IKS	4
23/16	16/00126-6	Kontrollutvalets rekneskap pr. 1. tertial 2016	5
24/16	16/00118-7	Statusoversikt pr. juni 2016 - kontrollutvalets saker	5
Referat-/meldingssaker			
2/16	16/00127-6	Utskrift møtebok - Årsrapport og rekneskap 2015 Ksak 20/16	5

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

17/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møte den 21. april 2016.

Møtebehandling

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møte den 21. april 2016.

[Lagre]

18/16 Orientering frå administrasjonen - skuleleiinga på Bore ungdomsskule

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen frå skule-leiinga ved Bore Ungdomsskule til orientering.

Møtebehandling

Rektor Roar Johannessen orienterte om frammøte og korleis skulen arbeider med dette, om arbeid for å hindra mobbing samt generelt om skulen. Det vart og nemnt at det kunne vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon knytt til vedlikehald og evaluering av skulekapasiteten.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet tar gjennomgangen frå skule-leiinga ved Bore Ungdomsskule til orientering.

[Lagre]

19/16 Orientering frå administrasjonen - kommunalsjef skule og barnehage

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen frå kommunalsjefane til orientering.

Møtebehandling

Saka vert utsett til neste møte.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

[Lagre]

20/16 Orientering om Klepp kommunes rekneskap for 1. tertial 2016

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar økonomisjefen sin gjennomgang av tertial-rekneskapet pr. 1. tertial 2016 til orientering.

Møtebehandling

Økonomisjef Stein Kittelsen orienterte.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet i Klepp tar økonomisjefen sin gjennomgang av tertial-rekneskapet pr. 1. tertial 2016 til orientering.

[Lagre]

21/16 Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll - presentasjon av overordna analyse

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar revisors presentasjon av den overordna analysen til orientering.

Kontrollutvalet vil på møtet i september gjera ei endeleg prioritering av aktuelle prosjekt som skal prioriterast i dei nye planane.

Møtebehandling

Saka vert utsett til neste møte.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

[Lagre]

22/16 Bestilling av selskapskontroll i IVAR IKS

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i IVAR IKS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

Møtebehandling

Kontrollutvalet ba om at formuleringa «i samarbeid med øvrige eigarkommunar» vart lagt til forslag til vedtak.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med denne endringa.

Vedtak

Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i IVAR IKS i samarbeid med øvrige eigarkommunar i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

[Lagre]

23/16 Kontrollutvalets rekneskap pr. 1. tertial 2016

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar rekneskapsoversikt pr. 1. tertial 2016 til orientering.

Møtebehandling

Sekretariatet orienterte.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet i Klepp tar rekneskapsoversikt pr. 1. tertial 2016 til orientering.

[Lagre]

24/16 Statusoversikt pr. juni 2016 - kontrollutvalets saker

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikta pr. juni 2016 til orientering.

Møtebehandling

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikta pr. juni 2016 til orientering.

[Lagre]

REFERAT-/MELDINGSAKER

2/16 Utskrift møtebok - Årsrapport og rekneskap 2015 Ksak 20/16
Meldingssaka vart tatt til orientering.

EVENTUELT

- Oppfølging av rapport psykiatri til neste møte.
- Haustkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland vert den 17/11-16. Program vil bli sendt ut så snart det er klart.
- Det vart orientert kort frå FKT-konferansen på Gardermoen.
- Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om innkjøpsrutinar i Klepp, m.a. om rammeavtalar, innkjøp knytt til ymse terskelverdiar og under terskelverdiar.
- Kontrollutvalet ønskjer og at det på eit seinare møte vert orientert om rutinar for varsling

Underskrifter

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet

Oddbjørg Starrfelt
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretær for kontrollutvalet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur